



**Sogn regionråd**

## **Møteinnkalling**

**Utval:** SOGN REGIONRÅD  
**Møtestad:** Aurland rådhus, kommunestyresalen  
**Møtedato:** 06.11.2015 **Tid:** 0930

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 00 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

## **Dagsorden**

- 0930 Ordførar Noralv Distad ønskjer velkomen  
Oppmøte  
Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjenning av protokoll frå møtet 19.6.2015  
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1130 Lunsj
- 1215 Framhald handsaming av saker
- 1300 Kostnadsreduksjonar samferdsle 2016-2019 ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, samferdsleavdelinga

Møtet slutt ca kl 1330

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. <b>Tittel</b>
<b>15/15</b>	14/2040-50 <b>Kommunereforma</b> (vert ettersendt)
<b>16/15</b>	12/2273-29 <b>Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 - evaluering</b>
<b>17/15</b>	15/2537-2 <b>Bustadutvikling - regionalt samarbeid om strategiar</b>
<b>18/15</b>	15/2221-2 <b>Mitt yrke-serien/Jobb i Sogn, gründer i Sogn</b>
<b>19/15</b>	15/3125-2 <b>Karrieremesser 2016 - søknad om støtte til karrieremessene i Bergen, Oslo og Trondheim</b>
<b>20/15</b>	14/2856-7 <b>Revidert budsjett 2015 Sogn regionråd</b>
<b>21/15</b>	15/3140-1 <b>Budsjettramme 2016 Sogn regionråd</b>
<b>22/15</b>	15/3692-1 <b>Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd</b>
<b>23/15</b>	15/2671-2 <b>System for styrka læring - val av leiar i programstyret</b>
<b>24/15</b>	15/3691-1 <b>Møteplan for 2016</b>
<b>25/15</b>	15/717-7 <b>Orienteringssaker i Sogn regionråd</b>

Sogndal, 26. oktober 2015

Harald N. Offerdal  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

**Saksnr.:** Utval  
16/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 16/15

## **Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 - evaluering**

### **Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Vedlegg:**

Framlegg til evaluering av regionalplan for Sogn regionråd  
Tiltaksplanane for 2013-2014 og 2015

### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Planen blir laga kvart fjerde år. Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden. Gjeldande regionalplan er for 2013-2016.

Vedlagde dokument inneheld ei oppsummering med ein faktadel om kva som gjennomført, ein gjennomgang og vurderingar av planprosessen og diskusjonsgrunnlag (vedlegg) for kommunane om erfaringar med gjeldande plan og kva som kan gjerast betre til neste regionalplan. RUP-/næringsutviklingsgruppa drøfta evalueringa i møtet 25. august. Tiltaksplanane for perioden er lagt ved. Utover tiltaka i tiltaksplanen er også saker som rådet har prioritert undervegs også omtalt i dokumentet.

#### **Vurdering:**

I førre planprosess hadde vi fokus på involvering blant folkevalde og inviterte med eksterne aktørar. RUP-gruppa drøfta og tilrådde prosess til rådet og prosessen vart også drøfta undervegs i rådsmøta. Kommunane har ulike behov og utfordringar og skal samla seg om felles satsingsområde. Bakgrunnen for å involvera breitt var å få sterkare eigarskap og forankring i kommunane. For å styrka rådet si rolle som regional utviklingsaktør var vurderinga at rådet bør vera gode på prosess, og slik kan dette gje betre gjennomføringsevne for tiltaka.

Administrasjonen si vurdering er at planprosessen har vore eigna til å få sterkare eigarskap frå kommunane si side. Rådet bør drøfta erfaringane frå planprosessen som vart gjennomført for gjeldande plan. Vurderingane vil vera grunnlag for korleis regionrådet vil gjennomføra planprosessen for neste plan 2017-2020.

Proessen med ny regionalplan for 2017-2020 vil starte på nyåret 2016 og evalueringa bør derfor gjerast før planarbeidet startar opp. I forkant av arbeidet med neste regionalplan er det

Ønskeleg at kommunane drøftar problemstillingane: Kva var vi gode på? Kvifor? Og kva kan vi bli betre på? Korleis? Dette kan vera aktuelt til dømes i formannskap/kommunestyret på nyåret, med tilbakemelding til rådet sitt møte i februar.

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/2537

---

Arkiv: L71

**Saksnr.:** Utval  
17/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 17/15

## **Bustadutvikling - regionalt samarbeid om strategiar**

### **Tilråding:**

Sogn regionråd er positiv til eit samarbeid om regionale bustadstrategiar og tilrår kommunane å delta i arbeidet.

Sogn regionråd set av inntil kr 170 000 av regionale utviklingsmidlar for 2016 til strategiarbeidet.

### **Vedlegg:**

Arbeidsplan – regionalt strategiarbeid for bustadutvikling i Sogn

### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

Analysen om bustadmarknaden i Sogn (2014) viser at bustadmarknaden er ein av fleire faktorar som spelar inn når det dreier seg om kor attraktive kommunane i Sogn er. Analysen, som rådet handsama i fjor, viser at det er mistilhøvet mellom etterspurnad og tilbod på den lokale bustadmarknaden og at prøvebustader og leiligheiter i stor grad er fråverande. Det vart gjennomført ein temadag 22. april som handla om dei gode grepa for betra bustadtilbod og kva som kan gjerast for å få meir variert og attraktiv bustadmarknad. Kommunane vart utfordra til å bruke det kommunale handlingsrommet, tenkje langsiktig og få til meir samarbeid om bustadutvikling.

Distriktssenteret viser til at det er skjedd ei bustadpolitisk oppvakning i kommune-Noreg. Både by- og distriktskommunar erfarer at mangelfulle bustadtilbod hemmar vidare utvikling, og at samarbeid og samhandling gir resultat i dette arbeidet.

Bustadutvikling er eit tema som blir arbeidd med i kommunane i Sogn. Det er noko variasjon i bustadmarknaden og utfordringane, men å samhandla på tvers av kommunane vil styrka kommunen sitt eige arbeid. Aktuell samarbeidsform vil vera å leggja til rette for å drøfta og utvikla felles kunnskap på tvers av kommunane i eit nettverk. Eit regionalt nettverk vil også kunne drøfta kva som er tenleg å arbeide saman om, kva som må ligge til kvar enkelt kommune, kva av dette igjen som kan arbeidast med parallellt i kommunane, og evt kva som må følgje den enkelte kommune sine øvrige prosessar, planar og løp.

Erfaringar frå andre regionar er at samarbeid kan gjera bustadplanarbeidet mellom kommunane enklare, og at deltakarkommunane kvar for seg tek ei sterkare bustadpolitisk rolle. Regionalt bustadsamarbeid vil også kunne styrke profileringa av felles bu- og arbeidsmarknad og signalisera vilje til utvikling overfor bustadsøkande og næringslivet i regionen. «Flytt til Hardanger» er døme på regionalt samarbeid der kommunane har laga felles strategiar for bustadutvikling. Hardangerregionen har utover å arbeida i nettverk, følgd arbeidet opp med konkrete mål om

parallele planprosessar, til dømes lokale strategiske bustadplanar som tek opp i seg dei regionale måla/føringane.

**Vurdering:**

Bustadmarknaden bør tilpassast dei endra bustadpreferansane. Sjølv om kommunane konkurrerer om innbyggjarane vil vi som region stå sterkare om vi samarbeider. Med felles strategiar vil kommunane kunne identifisera og debattera sentrale faktorar innan bustadmarknaden. Regionale strategiar vil slik bidra til heilskapleg tenking og prioriteringar, og kunne gje innspel til kommunal planlegging. Strategidokumentet kan få fram aktuelle ordningar der kommunane kan bruke handlingsrommet og visa dei gode grepa for meir differensiert bustadmarknad, som i sum gir ein meir attraktiv bustadmarknad.

Målet med eit regionalt strategiarbeid vil vera

- å få auka kunnskap om bustadmarknaden i Sogn
- å skapa større grad av kontakt og felles forståing om regionale bustadutfordringar
- å få meir variert bustadmarknad slik at bustadtilbodet i større grad samsvarer med etterspurnaden i marknaden

RUP-/næringsutviklingsgruppa drøfta eit samarbeid om regionale strategiar i førre møte, og det er sendt informasjon og invitasjon til kommunane om deltaking i arbeidet.

Bustadsamarbeid på tvers av kommunane gjer det mogleg for oss å få med regionale støttespelarar som blir med over tid og slik kan dei bidra meir. Distriktssenteret, fylkeskommunen og Husbanken er positive til å vera med i ei arbeidsgruppa som utarbeidar felles bustadstrategiar for regionen. Representant frå Fylkesmannen kan også vera aktuell aktør i gruppa.

Det vart i vår etablert regionale nettverk for planleggjarar i eit samarbeid med fylkeskommunen, fylkesmann og KS, der det er lagt opp til nokre møte i året. Det regionale arbeidet bør koplant til dette nettverket, noko fylkeskommunen har respondert positivt på. Då nyttar vi dei møtearenaene som finst, i staden for å laga nye.

Organiseringa må drøftast ut frå tilgjengelege ressursar og kompetanse. Eit alternativ er at arbeidet blir koordinert og samordna i arbeidsgruppa utan prosjektleiar, men administrasjonen vurderer det som ein fordel å setja av ressursar til prosjektleiing. Dette vil sikre framdrift og fagleg kapasitet, noko som er avgjerande for eit godt resultat. Prosjektleiar vil sikra at arbeidet mellom møta og i høve kommunane blir følgd opp, og må ha gjennomføringsevne og evne til å inspirera til samarbeid. Her kan vera aktuelt med frikjøp i delstilling frå kommunalt tilsett (ev innhenta ekstern kompetanse). Regionale utviklingsmidlar /fond utviklingsprosjekt kan finansiera dette ev. kan det søkjast om eksterne midlar til å finansiera/delfinansiera prosjektleiing. I tillegg kjem eigeninnsats frå kommunane.

Administrasjonen tilrår at det vert sett i gang arbeid med å utforma regionale bustadstrategiar og at det blir etablert ei eiga bustadgruppe med representantar frå Husbanken, Distriktssenteret, fylkeskommunen, ev Fylkesmannen og regionrådet. Arbeidet bør koplant til det regionale planleggjarnettverket som alt er etablert. Arbeidsplanen skisserer korleis dette strategiarbeidet kan gjennomførast.

Med tilslutting i rådet om å setja i gang arbeidet med regionale bustadstrategiar bør formannskap/kommunestyre bli orienterte om at arbeidet er sett i gang.

## Vedlegg

### Arbeidsplan

#### Regionalt strategiarbeid for bustadutvikling i Sogn

#### Innleiing

Distriktssenteret viser til at det er skjedd ei bustadpolitisk oppvakning i kommune-Noreg dei siste åra, der både by- og distriktkommunar erfarer at mangelfulle bustadtilbod hemmar vidare utvikling. Årsakene og løysingane er samansette, men det finst kjenneteikn ved arbeidsmåtar og tiltak som dei erfarer gjev resultat i det bustadpolitiske arbeidet, og sentrale stikkord her er samarbeid og samhandling.

#### Bakgrunn

Det har vore sterk folketalsvekst i Noreg, men Sogn har ikkje teke del i denne utviklinga. Sogn har ei svak arbeidsplassutvikling, og det har ikkje vore vekst i tal arbeidsplassar frå 2000 til i dag.

For å auka befolkningsveksten må det skapast betre arbeidsplassvekst og regionen må bli meir attraktiv for busetjing (Telemarksforsking, Regional analyse Sogn, 2012).

Analysen av bustadmarknaden i Sogn (Ideas2evidence, 2014) viser at det ikkje er tilgang på bustader som er det avgjerande med omsyn til lokal og regional utvikling, heller ikkje i Sogn. Bustadmarknaden er ein av fleire faktorar som spelar inn når det dreier seg om kor attraktive kommunane i Sogn er for både eigne innbyggjarar og potensielle tilflyttarar. Fleire av kommunane i Sogn har i dag nesten fråverande synleg leigemarknad, og rapporten viser til at det i seg sjølv er uheldig.

Formålet med strategiarbeidet for bustadutvikling er å vidareutvikla Sogn som ein attraktiv region å bu i og flytte til og få auka folketal og sysselsetting.

Målet (resultatmål) med det regionale strategiarbeidet vil vera

- å få auka kunnskap om bustadmarknaden i Sogn
- å skapa større grad av kontakt og felles forståing om regionale bustadutfordringar
- å få meir variert bustadmarknad slik at bustadtilbodet i større grad samsvarer med etterspurnaden i marknaden

#### ORGANISERING AV ARBEIDET

Sogn regionråd er oppdragsgjevar. Rådet tek stilling til strategidokumentet, tilrår strategien til kommunane og vedtek han etter høyringa. Organiseringa må drøftast ut frå tilgjengelege ressursar og kompetanse.

I arbeidsgruppa for strategiarbeidet vil eksterne aktørar som Husbanken, fylkeskommunen og Distriktssenteret vere sentrale. Frå kommunane bør plansjefane vera med. Det er aktuelt å kopla seg til det regionale planleggjarnettverket som er starta av Sogn og Fjordane fylkeskommune i lag med KS Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Sogndal kommune er programkommune for bustadsosialt arbeid og deltek med ein representant. Fylkesmannen kan vera aktuell med ein representant. Prosjektleiing kan anten bli frikjøpt i delstilling ev. innhenta ekstern kompetanse. Dagleg leiing er prosjektansvarleg. Rådmannsgruppa er styringsgruppe.

#### FRAMDRIFT / TIDSPLAN

Kvar kommune forankrar strategiarbeidet før arbeidet vert starta opp.

Arbeidsgruppa ferdigstiller framlegg til regionalt strategidokument før sommarferien 2016.

I september kjem rådmannsgruppa med tilråding og Sogn regionråd handsamar dokumentet og gir tilråding til kommunane. Dagleg leiar lagar felles saksutgreiing til kommunane. Kommunane handsamar strategidokumentet for ev. godkjenning oktober /november 2016.

### RESSURSBEHOV OG FINANSIERING

Finansieringsplan:

<b>Utgifter</b>	
Prosjektleiing (frikjøp ev. ekstern kompetanse)	160 000
Reise- og møteutgifter	10 000
Personal og indirekte kostnader i kommunane og regionrådet	180 000
Sum	350 000

<b>Finansieringskjelder</b>	
Eigeninnsats/eigne midlar kommunane og Sogn regionråd	180 000
Ekstern finansiering / regionale utviklingsmidlar i Sogn regionråd	170 000
Sum	350 000

### KRITISKE SUKSESSFaktorAR

Nokre faktorar er viktige for å lukkast med strategiarbeidet:

Kommunane må ha eigarskap til arbeidet  
 Strategiarbeidet må opplevast som relevant til kommunane sitt eige arbeid for bustadutvikling.  
 Strategiarbeidet bør munna ut i konkrete tiltak.

Sogndal, 21. oktober 2015



Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland  
 Arkivsak: 15/2221

Arkiv: 223

**Saksnr.:** Utval  
 18/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
 06.11.2015

**Sak** 18/15

### Mitt yrke-serien/Jobb i Sogn, gründer i Sogn

#### Tilråding:

Adalia AS får avslag på søknad om midlar til serien «Mitt Yrke/Jobb i Sogn, gründer i Sogn».

#### Vedlegg:

Søknad frå Adalia Film & Media

#### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn:

Det vart orientert om søknaden i regionrådsmøte i juni, og avgjort at søknaden vert handsama som sak til rådet.

Adalia film og media produserer drama og dokumentar for TV, reklamefilm og bedriftspresentasjonar for næringsliv og offentlege verksemder. Dei lagar no ein serie små filmar der ulike yrke vert presentert. NRK har kjøpt senderett for 10 år til serien, og dei ligg på [www.nrk.no](http://www.nrk.no). Filmar frå serien denne serien blir brukt av fylkeskommunane si læringsplattform [www.ndla.no](http://www.ndla.no) og som vidaregåande skuler bruker, og på Kunnskapsdepartementet si side [www.utdanning.no](http://www.utdanning.no).

Adalia film og media søker om kr 175 000 for å lage to filmar: ein om det å jobba og bu i Sogn og ein om å vera gründer i Sogn. Tilskotet vil dekkja halvparten av kostnadane. Det er også mogleg å vera med med ein film, då er søknaden på kr 90 000. Unge er målgruppa. Søknaden inneheld oversikt over etatar og organisasjonar som har løyvd midlar, jf vedlegg. Om vi løyver midlar får vi full bruksrett på filmene.

Filmen vil handla om ein som valt å flytta til Sogn for å jobba, og ein som er gründer og som har fått det til. Dei ønskjer å få fram personar som er stolte av yrket sitt, og regionane dei bur i.

NRK avgjer sendetida, men dei aller fleste går om kvelden mellom kl 1930 og 2130. Det har gått 30 episodar på NRK2 av serien. NRK informerer om at det er 40 000 sjåarar i snitt. Det er ein del variasjon i målingene, men i snitt ligg det noko lågare enn snittet for kanalen.

**Vurdering:**

Etter retningslinjene går ikkje regionrådet inn på ei ordning der rådet tek imot søknader om støtte direkte får einstilte personar eller organisasjonar. Søknader kan mellom anna bli fremja av medlemmar i rådet.

Dette er ein søknad som er frå ei bedrift som har ei kommersiell rolle, men som i tillegg driv informasjonsverksemd. Utifrå det som er laga synest fokus å vera innhaldet i yrket og mindre om regionen dei held til i. Adalia har meldt tilbake at regionen vil koma godt fram i filmen. I denne bolken som dei no går i gang med vil fokus vera at det er livskvalitet i å jobbe og bu utanfor dei store byane.

Sogn klarer ikkje halde tritt med folketalsutviklinga elles i landet, og utviklinga både nord og sør for oss er større. Utfordringa er å skapa interesse for sogneregionen, for å kunne vera med i konkurransen når unge skal gjera sine val for framtida og få fleire til å oppdaga fortrinna med å etablera bedrift i Sogn. Det er også mogleg å løyva midlar til ein film og visa gründermiljøet i Sogn, i tråd med det vi får fram på karrieremessene.

Informasjon om regionen er lovt å koma betre fram i filmene som kjem. Filmene kan slik vera eit bidrag til å profilera regionen. Vurderinga blir i kva grad filmene vil ha effekt på rekruttering til regionen og om dei får fram at vi tek godt imot gründerar og at Sogn er ein god stad å etablera eigen bedrift. Det var lågt sjåartal når serien gjekk på NRK2. Administrasjonen tilrår avslag.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland  
 Arkivsak: 15/3125

Arkiv: U60

**Saksnr.:** Utval  
 19/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
 06.11.2015

**Sak** 19/15

**Karrieremesser 2016 - søknad om støtte til karrieremessene i Bergen, Oslo og Trondheim**

**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2016.

**Vedlegg:**

Søknad frå Framtidsfylket av 27. august 2015  
 Rapport - evaluering av karrieremessene 2015

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Framtidsfylket jobbar med å profilera Sogn og Fjordane og visa at regionen er attraktiv å bu og arbeida i. Framtidsfylket vart stifta som eit selskap av bedrifter i 2008 og er eigd av private og offentlege verksemder. Framtidsfylket arrangerar dei årlege karrieremessene i dei tre byane og i Sogndal. Framtidsfylket har også ansvar for den regionale traineeordninga og nettportalen [www.framtidsfylket.no](http://www.framtidsfylket.no) formidlar karrieremoglegheitene i fylket.

Framtidsfylket søker om midlar til å gjennomføra neste års karrieremesser i Trondheim 28. januar, Oslo 4. februar og Bergen 10. februar 2016. Formålet med messene er å gje næringsverksemder og offentlege verksemder tilbod om ei samla profilering for å rekruttera unge til jobbar i Sogn og Fjordane.

Budsjettet er kr 1 974 519. Verksemdene dekkjer sjølve størstedelen av kostnadane (kr 1 384 519), i tillegg har fylkeskommunen løyvd midlar (kr 200 000) og bidraga frå kvart regionråd med kr 60 000. Budsjettet ligg ved søknaden. Vi løyvde i fjor kr 60 000 til messene i Bergen, Oslo og Trondheim.

**Vurdering:**

Karrieremessene er ein del av den etablerte satsinga på rekruttering til Sogn og Fjordane, og gir oss høve til å profilera regionen og breidden i arbeidsmarknaden. Messene får fram dei spennande jobbane som mange ikkje er klar over finst i vår region. Evalueringane viser at messene er ein viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv. Dette er haldningsskapande arbeid som krev kontinuitet, profesjonalitet og tolmod. Framtidsfylket gjer ein god jobb med karrieremessene og utviklar og forbetrar messene på bakgrunn av evalueringar og tilbakemeldingar.

Rekruttering er eit av delmåla i regionalplanen for Sogn regionråd. Støtta frå regionråda utgjer liten del av den totale finansiering, men Framtidsfylket viser til at støtta likevel er viktig for at messene vert gjennomført på ein god måte. Administrasjonen tilrår at det vert løyvd kr 60 000 til Framtidsfylket i 2016.

Regionrådet har stått for å koordinera deltakinga på messene og har finansiert standen som regionråds kommunane deltek på. Standavgifta er totalt kr 48 000 for messene i dei tre byane og i tillegg kjem standleige for messa i Sogndal. I framlegg til budsjettet for 2016 er det også sett av midlar til ev. nye brosjyrer/materiell til regionstanden.

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 14/2856

---

Arkiv: 150

**Saksnr.:** Utval  
20/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 20/15

### Revidert budsjett 2015 Sogn regionråd

#### Tilråding:

Sogn regionråd vedtek revidert budsjett for 2015 slik det ligg føre.

#### Vedlegg:

Framlegg til revidert budsjett for 2015

#### Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok budsjett for 2015 i møte 5.12.2014. Det er gjort nokre endringar i budsjettet. Dei største endringane er:

- Vi fekk skjønsmidlar til arbeidet med psykisk helse kr 250 000 og til utgreiing om kommunereforma med kr 1 040 000
- Helsedirektoratet løyvde kr 1 020 000 i 2014 til to psykologstillingar, og tilskotet er sett av på fond. Det var ikkje søkjarar til utlysinga i vår, og det blir ny utlysing i haust. Det er sett av midlar dersom det blir tilsetjing i 2015.
- Det er elles gjort endringar for dei regionale utviklingsmidlane mellom anna innan reiseliv (produkt og marknadsanalysen) og entreprenørskapsmessa og for PPT-prosjektet.

Totalt budsjett er endra frå kr 5 145 400 til kr 6 899 000. Av totalt budsjett utgjer eksterne inntekter kr 2 624 000, kontingent kr 3 350 000 og fondsmidlar kr 925 000. Kontigenten (uendra frå vedtak 5.12.14) dekker drift med kr 3 145 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, utviklingsrettleiar, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule) og regionale utviklingstiltak med kr 205 000. I tillegg til kontigenten kjem kostnader for kommunenett og GIS-løysing på kr 1 623 000 ekskl mva.

Framlegg til revidert budsjett for 2015 følgjer vedlagt.

**Vedlegg**  
**Framlegg til revidert budsjett for 2015**

		<b>Budsjett 2015</b>	<b>Revidert budsjett</b>
<b>7501 Sekretariat</b>			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	737 000	737 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	5 000	5 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
12900	Husleige, PC, arkiv mv (Internkjøp)	251 000	251 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 037 000	-1 037 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7502 Drift råd</b>			
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7503 Rådmann</b>			
11151	Servering	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-20 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7510 Kommunenett</b>			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 384 000	1 238 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 384 000	-1 214 000
17750	Refusjon frå IKS		-24 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7511 IKT</b>			
11151	Servering	2 000	2 000
11953	Kontigentar og medlemsskap	9 000	9 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-11 000	-11 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7512 GIS-koordinator</b>			
11300	Telefonutgifter	7 000	7 000
11151	Servering	5 000	5 000
11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000
12900	Intern kjøp	5 000	5 000
14500	Overføring til Vik kommune	762 000	762 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-740 000	-740 000
17750	Refusjon frå IKS	-69 000	-69 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7513 GIS-løysing</b>			
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	485 000	485 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-409 000	-409 000
17750	Refusjon frå IKS	-76 000	-76 000
		<b>0</b>	<b>0</b>

<b>7520 Psykisk helse</b>			
14700	Overføring til andre		100 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett		200 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen		-50 000
18106	Andre statstilskot		-250 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7521 Psykologar folkehelse</b>			
11400	Annonsering		90 000
14500	Overføring til Sogndal kommune		150 000
19500	Bruk av bundne fond		-240 000
			<b>0</b>
<b>7550 RUP</b>			
11500	Kurs og konferanse		40 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	680 000	520 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-190 000	-190 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-340 000	-100 000
19500	Bruk av bundne fond	-150 000	-270 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7551 Reiseliv</b>			
12700	Konsulentonorar		60 000
14700	Overføring til andre (private)	240 000	240 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-120 000	-220 000
19500	Bruk av bundne fond	-120 000	-80 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7555 Rekruttering</b>			
14700	Overføring til andre (private)	150 000	150 000
19500	Bruk av bundne fond	-75 000	-30 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-75 000	-120 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7557 Ungdom</b>			
11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7558 Bhg- skulesamarbeid adm</b>			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	813 000	813 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
12002	Datautstyr /programvare		27 000
12900	Intern kjøp (husleige)	94 000	94 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-957 000	-957 000
18900	Overføring frå andre (private)		-12 000
19500	Bruk av bundne fond		-15 000
		<b>0</b>	<b>0</b>

<b>7560 Entreprenørskap</b>			
11500	Kurs og konferanser	120 000	120 000
11703	Anna persontransport	80 000	80 000
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg.pl.	50 000	50 000
17500	Refusjon frå kommunar	-15 000	-15 000
18500	Overføring frå kommunar	-15 000	-50 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-15 000	-110 000
18900	Overføring frå andre (private)	-75 000	-10 000
19500	Bruk av bundne fond	-130 000	-65 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7561 Skule Fagnettverk</b>			
14500	Overføring til andre kommunar	188 000	188 000
17500	Refusjon frå kommunar	-98 000	-98 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-90 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7563 Barnehage</b>			
11500	Kurs og konferansar	235 000	458 000
14700	Overføring til andre	10 000	15 000
18106	Statstilskot	-245 000	-473 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7567 Entreprenørskapsstudiet</b>			
14500	Overføring til kommunane		160 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen		-120 000
19500	Bruk av bundne fond		-40000
			<b>0</b>
<b>7568 Utviklingsretteleiar</b>			
11003	Faglitteratur og kartverk	3 000	3 000
11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	45 000	45 000
14500	Overføring til Luster kommune	129 000	129 000
17500	Refusjon frå kommunar	-192 000	-192 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7569 PPT-prosjekt</b>			
10100	Løn prosjektleiar inkl. sosiale utgifter	85 000	75 000
12700	Konsulenttenester	180 000	55 000
17500	Refusjon frå kommunar	0	-55 000
19500	Bruk av bundne fond	-265 000	-75 000
		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>7580 Kommunereforma</b>			
12700	Konsulenttenester		570 000
11500	Kurs og konferansar		50 000
15500	Avsetjing til bundne fond		420 000
18106	Statstilskot		-1 040 000
		<b>0</b>	<b>0</b>



Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/3140

---

Arkiv: 150

**Saksnr.:** Utval  
21/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 21/15

### **Budsjettramme 2016 Sogn regionråd**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2016 slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Framlegg til budsjettramme for 2016

#### **Saksutgreiing:**

I budsjettramma for 2016 er det lagt inn deflator på 2,7% for løns- og kontorutgifter for stillingane og for avtalen om GIS-løysing. Sogn regionråd og Vik kommune har forlenga avtalen om GIS-koordinator for fire år frå 1.1.2016, og dette ligg inne i budsjettet.

Totalt budsjett for Sogn regionråd er 6 407 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 1209 000, kontingent kr 3 418 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1780 000. Kontigenten dekker drift med kr 3 218 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, utviklingsrettleiar, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule) og regionale utviklingstiltak med kr 200 000.

I tillegg til kontigenten kjem kr 1 634 000 ekskl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing. Vedlegget viser oversikt over kostnadsfordeling for kommunenett og GIS-løysing.

Av omsyn til budsjettprosessen i kommunane pleier regionrådet å leggja fram budsjettramme i septembermøte, men møtet vart avlyst og ramma blir derfor lagt fram no.

Framlegg til budsjettramme for 2016 følgjer vedlagt. Budsjett for 2016 vil bli handsama i møtet 4.12.2015.

**Vedlegg**  
**Framlegg til budsjettramme for 2016**

7501 Sekretariat				
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	737 000	760 000	
11002	Abonnement	2 000	2 000	
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000	
11300	Telefonutgifter	5 000	5 000	
11401	Andre annonser	4 000	4 000	
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000	
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000	
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000	
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000	
12900	Husleige, PC, arkiv mv (Internkjøp	251 000	258 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 037 000	-1 067 000	
		0	0	
7502 Drift råd				
11151	Servering	50 000	50 000	
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000	
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000	
		0	0	
7503 Rådmann				
11151	Servering	20 000	20 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-20 000	
		0	0	
7510 Kommunenett				
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 238 000	1 238 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 214 000	-1 214 000	
17750	Refusjon frå IKS	-24 000	-24 000	
		0	0	
7511 IKT				
11151	Servering	2 000	2 000	
11953	Kontigentar og medlemsskap	9 000	9 000	
17500	Refusjon frå andre kommuna	-11 000	-11 000	
		0	0	
7512 GIS-koordinator				
11300	Telefonutgifter	7 000	7 000	
11151	Servering	5 000	5 000	
11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000	
12900	Intern kjøp	5 000	5 000	
14500	Overføring til Vik kommune	762 000	787 000	
17500	Refusjon frå andre kommunar	-740 000	-763 000	
17750	Refusjon frå IKS	-69 000	-71 000	
		0	0	

7513 GIS-løysing		0	
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	485 000	498 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-409 000	-420 000
17750	Refusjon frå IKS	-76 000	-78 000
			0
7520 Psykisk helse		0	
14700	Overføring til andre	100 000	200 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	200 000	0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-50 000	0
19500	Bruk av bundne fond	-250 000	-200 000
		0	0
7521 Psykologar folkehelse		0	0
11400	Annonsering	90 000	0
18106	Statstilskot	0	-200 000
14500	Overføring til Sogndal kommune	150 000	960 000
19500	Bruk av bundne fond	-240 000	-760 000
		0	0
7550 RUP		0	0
10300	Løn stillingar inkl. sosiale utgifter	0	170 000
11500	Kurs og konferanse	40 000	
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett	520 000	310 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-190 000	-175 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-100 000	-245 000
19500	Bruk av bundne fond	-270 000	-60 000
		0	0
7551 Reiseliv			
12700	Konsulentonorar	60 000	
14700	Overføring til andre (private)	240 000	240 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-220 000	-150 000
19500	Bruk av bundne fond	-80 000	-90 000
		0	0
7555 Rekruttering		0	0
14700	Overføring til andre (private)	150 000	150 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	0	0
19500	Bruk av bundne fond	-30 000	-70 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-120 000	-80 000
		0	0
7557 Ungdom			
11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
		0	0

7558 Bhg-skulesamarbeid adm			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	813 000	835 000
10900	Pensjonspremie KLP	0	0
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	15 000
12002	Datautstyr /programvare	27 000	5 000
12900	Intern kjøp (husleige)	94 000	97 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-957 000	-977 000
18900	Overføring frå andre (private)	-12 000	-5 000
19500	Bruk av bundne fond	-15 000	0
		0	0
7560 Entreprenørskap			
11500	Kurs og konferansar	120 000	120 000
11703	Anna persontransport	80 000	80 000
12700	Konsulenthonorar, ikkje oppg.pl.	50 000	50 000
17500	Refusjon frå kommunar	-15 000	-25 000
18500	Overføring frå kommunar	-50 000	-40 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-110 000	-75 000
18900	Overføring frå andre (private)	-10 000	-40 000
19500	Bruk av bundne fond	-65 000	-70 000
		0	0
7561 Skule Fagnettverk			
14500	Overføring til andre kommunar	188 000	185 000
17500	Refusjon frå kommunar	-98 000	-95 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-90 000
		0	0
7563 Barnehage			
11500	Kurs og konferansar	458 000	288 000
14700	Overføring til andre	15 000	15 000
18106	Statstilskot	-473 000	-303 000
		0	0
7568 Utviklingsretteleiar			
11003	Faglitteratur og kartverk	3 000	3 000
11500	Kurs og konferansar	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	45 000	45 000
14500	Overføring til andre kommunar	129 000	132 000
17500	Refusjon frå kommunar	-192 000	-195 000
		0	0

7580 Kommunereforma			
12700	Konsulenttenester	570 000	
11500	Kurs og konferansar	50 000	50 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling	0	370 000
15500	Avsetjing til bundne fond	420 000	
18106	Statstilskot	-1 040 000	
19500	Bruk av bundne fond	0	-420 000
		0	0

## Kontingent for kommunane 2016

Kommune	Folketal 01.01.15	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	Kontingent for 2015
Aurland	1 738	189 889	91 294	281 183	274 385
Balestrand	1 304	189 889	68 497	258 385	253 333
Høyanger	4 169	189 889	218 989	408 878	401 418
Leikanger	2 276	189 889	119 554	309 443	302 849
Luster	5 118	189 889	268 839	458 727	448 052
Lærdal	2 146	189 889	112 725	302 614	298 011
Vik	2 678	189 889	140 670	330 559	324 468
Sogndal	7 677	189 889	403 258	593 147	578 482
Årdal	5 429	189 889	285 175	475 064	469 001
<b>Totalt</b>	<b>32 535</b>	<b>1 709 000</b>	<b>1 709 000</b>	<b>3 418 000</b>	<b>3 350 000</b>

## Kostnadsfordeling kommunenett for 2016

Kommune	Folketal 01.01.15	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 738	75 875	37 191	113 066	28 267	<b>141 333</b>
Balestrand	1 304	75 875	27 904	103 779	25 945	<b>129 724</b>
Leikanger	2 276	75 875	48 704	124 579	31 145	<b>155 724</b>
Luster	5 118	75 875	109 519	185 394	46 349	<b>231 743</b>
Lærdal	2 146	75 875	45 922	121 797	30 449	<b>152 246</b>
Vik	2 678	75 875	57 306	133 181	33 295	<b>166 476</b>
Sogndal	7 677	75 875	164 279	240 154	60 039	<b>300 193</b>
Årdal	5 429	75 875	116 174	192 049	48 012	<b>240 062</b>
Totalt	28 366	<b>607 000</b>	<b>607 000</b>	<b>1 214 000</b>	<b>303 500</b>	<b>1 517 500</b>

## Kostnadsfordeling GIS-løysing for 2016

Kommune	Folketal 01.01.15	Fast del	Variabel del	Sum utan mva	25% mva	Totalt å betale
Aurland	1 738	26 250	12 867	39 117	9 779	<b>48 896</b>
Balestrand	1 304	26 250	9 654	35 904	8 976	<b>44 880</b>
Leikanger	2 276	26 250	16 850	43 100	10 775	<b>53 875</b>
Luster	5 118	26 250	37 890	64 140	16 035	<b>80 175</b>
Lærdal	2 146	26 250	15 887	42 137	10 534	<b>52 672</b>
Vik	2 678	26 250	19 826	46 076	11 519	<b>57 595</b>
Sogndal	7 677	26 250	56 835	83 085	20 771	<b>103 856</b>
Årdal	5 429	26 250	40 192	66 442	16 611	<b>83 053</b>
Totalt	28 366	<b>210 000</b>	<b>210 000</b>	<b>420 000</b>	<b>105 000</b>	<b>525 000</b>

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/3692

---

Arkiv: 036 &amp;85

**Saksnr.:** Utval  
22/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 22/15

### **Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Vedlegg:**

Retningslinjer for arbeidsgruppene

**Saksutgreiing:**

Sogn regionråd har tre arbeidsgrupper: helsegruppe, næringsutvikling-/RUP-gruppe og samferdslegruppe, og samansetjinga er slik:

Representantar i gruppene har vore:

- Helsegruppe: Jan Geir Solheim (leiar), Olav Lunden og Arild Ingar Lægreid.
- Næringsutvikling-/RUP-gruppe: Arild Ingar Lægreid (leiar), Noralv Distad, Marta Finden Halset, Ivar Kvalen og Petter Sortland.
- Samferdslegruppe: Ivar Kvalen (leiar), Harald Offerdal, Jan Geir Solheim og Jarle Aarvoll.

Rådet bør ta stilling til kva arbeidsgrupper som er aktuelle å oppretta og deltakarar til gruppene.

Det har vore vanleg at rådet vel leiar i gruppene, sjølv om dette etter vedtektene § 1 kan gjerast av gruppa sjølv.

## Vedlegg

### Retningslinjer for arbeidsgrupper

#### 1 Val og samansetnad

Sogn regionråd vel arbeidsgrupper blant medlemmane i rådet. Leiar av arbeidsgruppa kan bli vald av regionrådet eller av arbeidsgruppa.

#### 2 Mynde

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innanfor sine saksområde. Arbeidsgruppene har ikkje vedtaksmynde. Arbeidsgruppene orienterer regionrådet om status for arbeidet og planane vidare.

#### 3 Mandat

Arbeidsgruppene skal innanfor sine saksområde

- ta initiativ til tiltak og prosjekt som står opp om og utviklar tenesta i regionen
- førebu saker og gje tilråding til regionrådet
- påverka avgjerdstakarar i retning av avgjerder for å betra tilbodet i regionen
- gje fråsegn

Alle saker skal vera forankra og vedtekne i regionrådet før iverksetjing.

Hastesaker skal avklarast på epost til ordførarane med kopi til rådmennene. Medlemmane må få tilstrekkeleg frist til å svara. Dersom ein eller fleire av ordførarane har merknader til saka, har arbeidsgruppa ikkje høve til å iverksetja saka. Arbeidsgruppa har høve til å leggja saka fram i neste regionrådsmøte.

#### 4 Økonomi

Arbeidsgrupper som har behov for eigne midlar for å utføra oppgåvene, kan få tilført midlar frå regionrådet for ei avgrensa periode og til definerte føremål.

#### 5 Sekretariat

Dagleg leiar deltek i møta og er sekretær for arbeidsgruppene. Det skal førast referat frå møta. Dersom medlemmane i arbeidsgruppa har ulike standpunkt i møtet skal dette gå fram av referatet.

*Vedtekne i møtet 28.3.2008*

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/2671

---

Arkiv: 035

**Saksnr.:** Utval  
23/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 23/15

### **System for styrka læring - val av leiar i programstyret**

#### **Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Vedlegg:**

Mandat for programstyret

#### **Saksutgreiing:**

«System for styrka læring» er kommunane i Sogn regionråd sitt program for barnehage- og skuleutvikling for 2013-2021. Sogn regionråd er programeigar. Programstyret koordinerer innsatsen knytt til utviklingsprogrammet og er styringsgruppe i det regionale utviklingsarbeidet. Programstyret rapporterer til Sogn regionråd.

Programstyret er samansett slik:

Ordførar

Rådmann

Skulefagleg ansvarleg

Rektor

Styrrar

Representant frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Representant frå Ungt Entreprenørskap

Tillitsvald frå Utdanningsforbundet

Representant frå Statped Vest (Statleg spesialpedagogisk støttesystem )

Representant frå KS (Kommunesektorens organisasjon)

Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta. Programleiar er sekretær for programstyret.

Vi har hatt ein av ordførarane som leiar, både for programstyret i "Sats på skulen - snu Sogn", frå 2006 - 2012, og i "System for styrka læring". Politisk leiing og eigarskap til barnehage- og skuleutviklinga i Sogn har vore ein viktig føresetnad for gode resultat. Programstyret har tre møte i året.

Representantane vert normalt valde for to år. Sogn regionråd skal velja ein av ordførarane til å leie programstyret og ein vararepresentant.



## Vedlegg

### Mandat for programstyret «System for styrka læring»

1. Programstyret skal vere samansett av representantar for aktørar som arbeider med barnehage- og skuleutvikling. Sogn regionråd set saman programstyret. Representantar vert normalt valt for to år.
2. Sogn regionråd vel ein av ordførarane til å leie programstyret. Programleiar er sekretær for programstyret. Programleiar har saman med dagleg leiar i Sogn regionråd ansvar for å drive fram og koordinere dei ulike tiltaka i programmet. Dagleg leiar deltek på styremøta.
3. Aktørar som blir invitert til å delta i programstyret peikar sjølv ut representantar til programstyret.
4. Programstyret rapporterer til Sogn regionråd som folkevald styringsorgan. Sogn regionråd godkjenner handlingsplan, årsmelding og budsjett.
5. Viktige oppgåver for programstyret er å:
  - a- ta initiativ til og byggje opp under faglege- og organisatoriske utviklingsprosessar.
  - b- sikre politisk og administrativ forankring i kommunane.
  - c - informere og forankre i eigen organisasjon.
  - d - bringe egne relevante satsingar inn til drøfting i programstyret.
  - e - vere pådrivar for å nå dei overordna måla for utviklingsprogrammet.
  - f - bidra til å koordinere tiltak i programstyret og eigen organisasjon

*Vedtekne i møtet 13.9.2013*

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/3691

---

Arkiv: 033 &amp;85

**Saksnr.:** Utval  
24/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 24/15

### **Møteplan for 2016**

#### **Tilråding:**

Møteplan for 2016:

Regionrådsmøte:

10. februar  
8. april  
12. mai  
17. juni  
16. september  
28. oktober  
9. desember

Felles formannskapsdag:

26. februar

Møte for interkommunale selskap:

22. april  
21. oktober

#### **Saksutgreiing:**

Forslag til møtedatoar er:

Onsdag 10. februar, Bergen (karrieremesse)  
Fredag 8. april, Vik  
Torsdag 12. mai, Årdal (entreprenørskapsmesse)  
Fredag 17. juni, Luster  
Fredag 16. september, Balestrand  
Fredag 28. oktober, Leikanger  
Fredag 9. desember, Høyanger

Utanom to av møta som er lagt i samband med karrieremessa i Bergen (10.2.) og entreprenørskapsmessa i Årdal (12. mai) er regionrådsmøta lagt til fredagar. Møtestader elles i oversikta over kan endrast.

Aktuelle datoar for ei ordførarsamling kan vera tysdag 9. februar (i Bergen) eller 11. mai (i Årdal). Erfaringane er at det ikkje let seg gjera å leggja ordførarsamling til dagen før eit

regionrådsmøte som er på ein fredag, fordi mange kommunar har torsdag som politisk møtedag.

Aktuell dato for felles formannskapsmøte er fredag 26. februar. Møtedatoen bør sjåast i høve til framdriftsplan for kommunereformarbeidet.

Dei to møtedagane for interkommunale selskap er også lagt til fredagar: 22. april og 21. oktober.

## Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/717

---

Arkiv: 065

**Saksnr.:** Utval  
25/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
06.11.2015

**Sak** 25/15

**Orienteringssaker i Sogn regionråd 6.11.2015****Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Innspel frå medlemane
3. Arbeidsgruppene
4. Programstyret System for styrka læring
5. Rådmannsgruppa
6. Administrasjonen
7. Rapport – hangar Sogndal lufthamn Haukåsen, Avinor
8. Kostnadsreduksjonar innan samferdsle 2016-2019 ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, samferdsleavdelinga

**Skriv og meldingar**

1. Referat frå arbeidsgruppene i Sogn regionråd:
  - samferdslegruppa 18.8.2015
  - RUP-/næringsutviklingsgruppa 2.9.2015
2. Fråsegner frå Sogn regionråd:
  - Industristrategi til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 9.9.2015
  - Nasjonal transportplan 2018-2027-Framtidig lufthamnstruktur til Avinor, 18.9.2015
  - Eigedomsskatt på arbeidsmaskiner i verk og bruk til Finansdepartementet, 18.9.2015
  - Konkurransetsetjing av attføringstenestene til arbeidsministeren, 16.10.2015